

Bruksting i porselen



Maria Malmsten framførde eit eigekomponert verk for å formidla hauststemning på Galleri G Guddal under opninga av keramikar Sarah Louise Reed si utstilling Foreviget.

Estetisk porselen til kvardagsbruk laga ved ein særeigen teknikk er varemærket til keramikaren Sarah Louise Reed som opna ny utstilling i Galleri G Guddal laurdag.

– Mønstera i Reed sine koppar og fat er ekte avtrykk av blad, blomar og anna kunstnaren finn i naturen. Ved sin eigen utvikla teknikk brenn ho dette inn ved første brenning, og plukkar det vekk slik at avtrykket står att ved andre gongs brenning. Det gir mange spanande uttrykk, fortalde gallerist Gøril Guddal under presentasjonen av den engelskfødte kunstnaren.

Utstillinga består mest av koppar og fat. Ein annan detalj, opplyste Guddal, er hankane på koppane. Det kan vere blomar dyppa i porselen. Sjølv om det ser skjørt ut, tolar kunstverka å bli vaska i oppvaskmaskin. Nettopp det å kombinera det estetiske med det funksjonelle og praktiske er ikkje så lett, men det klarar den bergensbaserte keramikaren oppvaksen på Stord, meinte Guddal.

For å få den rette stemninga hadde ho invitert frilansmusikar Maria Malmsten, kjend mellom anna som dirigent for Røysterett for alle, til å framføra eit eigekomponert stykke til denne utstillingsopninga. Med bjøller på dei bare føtene, tverrfløyte og song vart



Keramikar Sarah Louise Reed under utstillingsopninga av keramikk med tittelen Foreviget i Galleri G Guddal.

det ein særeigen stemning i lokala som enda med latter då Malmsten avslutningsvis svinga seg ut i haustvêret.

Dei mange frammøtte sette tydeleg pris på både teknikk og form, for dei raude lappane sat laust hos galleristen. 11.

november er det derimot slutt for denne omgang.

Simon Sortland
simon@grenda.no



Irene Bjørke imponerte med Ippon-siger i alle kampane under judo-NM. Det gav gullmedalje i klasse -70 kg. (Foto: Marius Torjussen).

Judogull til Bjørke

16 årgamle Irene Bjørke vann laurdag judo-NM for damer junior.

Bjørke, som er sisteårs ungdom, deltok i klassen under 70 kg for junior. Ho imponerte med Ippon-siger i alle kampane på laurdagen, noko som resulterte i ein fortent gullmedalje.

Sundag deltok ho i ungdoms-NM, men klarte ikkje levera like bra som dagen før. Resultatet vart ein 4. plass.

Bjørke var ikkje den einaste som tok heim edelt metall. Marius Lamberg Torjusen tok sundag ein fin andreplass i klassen for under 81 kg i ungdoms-NM, medan Knut Gilberto Sæbø

tok bronse i under 60 kg.

Veteranen i klubben, Trygve B. Torjusen, heldt vedlike vanen med å ta medalje i NM. Den robuste legen tok bronse i både klassen for senior over 100 kg og senior open klasse.

Kjartan Bauge er junior på siste året og gjennomførte eit godt stemne. Han sikra seg 5. plass i den tøffe klassen for junior herrar under 73 kg.

Irene Bjørke, Kjartan Bauge, Marius L. Torjusen, Knut Gilberto Sæbø, Thomas Hutcheson og Trygve B. Torjusen representerte judogruppa til Rosendal Turnlag under NM.

Junior Damer -70 kg

1. Irene Bjørke
 2. Marius L. Torjusen
 3. Knut Gilberto Sæbø
 4. Irene Bjørke
- Ungdom A Herrer -81 kg**
1. Irene Bjørke
 2. Marius L. Torjusen
 3. Trygve B. Torjusen
 4. Irene Bjørke
- Ungdom B Herrer -60 kg**
1. Irene Bjørke
 2. Marius L. Torjusen
 3. Trygve B. Torjusen
 4. Irene Bjørke
- Ungdom A Damer +63 kg**
1. Irene Bjørke
 2. Marius L. Torjusen
 3. Trygve B. Torjusen
 4. Irene Bjørke
- Senior Herrer +100 kg**
1. Irene Bjørke
 2. Marius L. Torjusen
 3. Trygve B. Torjusen
 4. Irene Bjørke
- Senior Herrer Open klasse**
1. Irene Bjørke
 2. Marius L. Torjusen
 3. Trygve B. Torjusen
 4. Irene Bjørke

31. plass på Otterbu

Husnesjenta Kirsten Melkevik Otterbu opna knallhardt på tju kilometeren under VM i gateløp i Debrecen i Ungarn på sundag, men fekk sting og enda på 31. plass. Til Bergens Tidende seier ho at ho aldri har fått sting før, og ikkje heilt forstår kvifor ho fekk det under gateløpet.